

“Sats på skulen – snu Sogn” er Sogn regionråd sitt overordna skule- og samfunns-utviklingsprogram for perioden 2006 – 2012. Skulesatsinga står på tre bein; leiarutdanning, utvikling av fagnettverk for lærar og utvikling av rolla kommunane har som skuleeigarar. Satsinga er retta mot utfordringane i St.meld 31 2007 - 2008 **Kvalitet i skolen.**

“Sats på barnehagen – snu Sogn” er eit delprosjekt, som også står på tre føter; utvikling av kommunane som barnehageeigarar, etablering og utvikling av fagnettverka for dei sju fagområda i rammeplanen og leiarutdanning à 30 studiepoeng for styrarar og pedagogiske leiarar. Satsinga er retta mot utfordringane i St.meld 41 2008 - 2009 **Kvalitet i barnehagen.**

Entreprenørskap er den raude tråden i prosjektet og utdanningane. Skal vi snu negative utviklingstrekk må vi endre både haldningar og handlingar. Vi må freiste nye og kreative grep i barnehage, SFO, skule og arbeidsliv. Vi arrangerer ei årleg entreprenørskapsmesse, der elevar i 9. klasse syner fram sine bedrifter til alle 8. klassingane i regionråds kommunane. Entreprenørskap må lærast og praktiserast. Satsinga på entreprenørskap er òg eit grep for å møte utfordringane i St. meld. 7 2008 – 2009 **Et nyskapende og bærekraftig Norge.**

Det er eit programstyre som har ansvar for utvikling og drift av prosjektet. Dette er sett saman av Holger Aasen, NHO/ Ungt Entreprenørskap, Åslaug Krogsæter, Fylkesmannen, Siri Nedland, Sogn og Fjordane fylkeskommune, Jan Julusmoen, Høgskulen, Anne Siri Bentsen, Utdanningsforbundet, ordførar Jarle Aarvoll, rådmann Vidar Roseth, rektor Geir Navarsete, skule- og barnehagefagleg ansvarleg Jorunn Nyttिंगnes, dagleg leiar Karina Nerland og prosjektleiar Claus Røynesdal. Finansieringa er eigendel og eigeninnsats frå kommunane, OU-midlar frå KS og tilskot frå Fylkesmannen og Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt felles programstyre for fornying av offentleg sektor og IKT.



SOGN REGIONRÅD

Postboks 153, 6851 Sogndal
www.sogn.regionraad.no
 Prosjektleiar Claus Røynesdal
 95 47 20 49
 e-post: claus.roynesdal@sogndal.kommune.no



Sats på barnehagen - snu Sogn

Oppstart av Sogn regionråd sitt kvalitetsløft for barnehagesektoren
 Quality Hotel Sogndal, 30.november - 1.desember 2010



SOGN REGIONRÅD

Tysdag 30.november

- 10.00 – 10.30 Presentasjon av aktuell faglitteratur i foajeen*
Registrering og kaffi
- 10.30 – 10.40 Velkomen
Torodd Urnes, ordførar i Luster kommune, leiar i Sogn regionråd
- 10.40 – 11.10 Kvalitet i barnehagen: Nasjonale mål og regionale ambisjonar
Tor Bremer (Ap) Stortingets utdanningskomite
- 11.10 – 11.40 Stolte og unike: Velferdsutvikling i kommunal regi
Siri Westgård, fagleiar i KS
- 11.40 – 12.00 Grovmotorisk trening – og besøk på bokstand
- 12.00 – 12.20 Profesjonelle profesjonsutøvarar i ei ny tid
Gunn Marit Haugsbø, fylkesleiar i Utdanningsforbundet
- 12.20 – 12.40 Sats på inkluderande arbeidsliv!
Tore Thorsnes, fylkesdirektør NAV Sogn og Fjordane
- 12.40 – 13.30 Lunsj
- 13.30 – 13.45 Frå maksimalpris til kvalitet og innhald
Åslaug Krogsæter, utdanningsdirektør Fylkesmannen
- 13.45 – 14.00 Leiarutdanning: Eit springbrett for barnehageutvikling
Heidi-Kathrin Osland, styreleiar Høgskulen i Sogn og Fjordane
- 14.00 – 14.45 Barnehageleiarens arbeid med personalutvikling
- kan barnehagane bli lærande organisasjonar?
Knut Roald, dosent v/ Høgskulen i Sogn og Fjordane
- 14.45 – 15.00 Grovmotorisk trening
- 15.00 – 16.00 Framhald Knut Roald

Onsdag 1.desember

- 09.00 – 12.00 Leiarutdanninga i "Sats på barnehagen – snu Sogn"
Høgskulen og NAV Arbeidslivssenter Sogn og Fjordane
- 12.00 – 13.00 Lunsj
- 13.00 – 16.30 Framhald leiarutdanninga

*Alle deltakarane på studiet kan velje kvar si bok frå Kommuneforlaget si stand.

"Sats på barnehagen – snu Sogn" er eit nasjonalt nybrottsarbeid for kvalitetsutvikling av barnehagesektoren. Den 5.november 2010 signerte NAV Arbeidslivssenter Sogn og Fjordane, Høgskulen i Sogn og Fjordane, Sogn regionråd og Utdanningsforbundet i regionrådskommunane ei partnerskapsavtale. Vi skal samarbeide om å:

A: Utvikle høgre kvalitet i barnehagane, styrkje barnehagen som læringsarena og sikre at alle barn får delta i eit inkluderande og stimulerande fellesskap.

C: Styrke barnehagesektoren som attraktiv og utfordrande arbeidsplass, der vi òg vil arbeide for å nå den nasjonale målsetjinga om minimum 20% mannlege tilsette.

B: Skape eit meir inkluderande arbeidsliv, der vi styrkjer jobbnærværet, betrar arbeidsmiljøet og reduserer sjukefråværet i målbare forbetringar.

D: Utvikle kommunane i Sogn regionråd si rolle som aktive og utviklande barnehageeigarar, mellom anna gjennom eigne politisk vedtekne mål- og plan-dokument for sektoren.

E: Etablere og utvikle regionale fagnettverk for å betre realisere måla i dei sju fagområda i rammeplanen.

F: Stimulere til kreative barnehagar med fokus på nyskaping og entreprenørskap.

G: Gjennomføre leiarutdanning à 30 studie-poeng for pedagogiske leiarar, assisterande styrarar, styrarar og leiarar på kommunenivå.

